



Villreinutvalet for Nordfjella

Aurland, den 11.3.24

Til NVE,
Konsesjonsavdelinga

HØYRINGSUTTALE – VILKÅRSREVISJON FOR AURLANDSREGULERINGA

Villreinutvalet for Nordfjella er ei samanslutning av grunneigarar i villreinområdet, og har som føremål å stå for den praktiske forvaltninga av villreinstamma (teljingar, kvoteframlegg, organisering av jakt, utarbeiding av driftsplan m.m.). Styret har i møte den 11.2024 vedteke følgjande uttale:

Villreinutvalet og villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen sende i februar 2017 felles krav om vilkårsrevisjon til NVE. I dette dokumentet, og ikkje minst i kartvedlegget som følgde med, gjekk me grundig inn på dei viktigaste konsekvensane kraftutbygginga har hatt for villreinstamma og reinen sin bruk av området. Det vart særleg fokusert på tidlegare viktige trekkvegar som har gått ut av bruk pga. oppdemming av store reguleringsmagasin. Alle momenta som vart trekte fram i revisjonskravbrevet står framleis ved lag, og er i ettertid ytterlegare dokumenterte og forsterka gjennom fleire viktige prosessar, m.a.:

- Kvalitetsnormen for villrein (Nordfjellarapporten ferdig i 2022)
- Tiltaksplan for villrein (framlegg levert Miljødirektoratet i 2023)

I kvalitetsnormrapporten for Nordfjella villreinområde fekk området «raudt lys» på temaet «funksjonelle trekkpassasjar,» dyra sine moglegheiter til å trekkja mellom ulike delområde innan villreinområdet. Det var særleg trekkhindringar mellom sone 1 og sone 2 – nordleg og sørleg del av villreinområdet – som vart trekte fram som årsak til dårleg klassifisering. I dette landskapet ligg Nyhellermagasinet sentralt. Dette vert m.a. illustrert med kartskissa på side 110 i revisjonsdokumentet.

Hovudkravet frå villreinutvalet i denne vilkårsrevisjonen vil vera å få gjennomført avbøtande tiltak for å letta trekkmoglegheitene for villreinen. Høgst prioritet har det å få anlagt fysiske overgangar som reinsdyra kan ta i bruk for å kryssa Nyhellermagasinet frå nord til sør (hovudområdet for stamma i sone 1 er nord for magasinet). I revisjonsdokumentet skriv Hafslund Eco på side 110 at Nyhellersundet (NB! **Kongshellersundet** er namnet som vert nytta lokalt) vil vera ein veileigna stad å få prøvt ut denne typen tiltak. Sundet er 80-90 m på det smalaste, og truleg ikkje veldig djupt. Villreinutvalet er heilt samd i at dette er staden som bør ha første prioritet når det gjeld å setja inn ressursar på avbøtande tiltak. Ein kan syna til fleire døme – seinast «saneringshausten» 2017 - på at reinsflokkar har kome inn i Vampen austfrå, og ikkje kome seg vidare sørover pga. at Vampen etter oppdemminga har vorte ei halvøy. Med tida vil ei «landbru» i form av ei steinfylling som er 10-15 m brei på toppen utan tvil bli teken i bruk av villrein. Døme på liknande har me sett dei siste åra, ved at

reinsflokkar ved eit par høve (2020 og 2023, begge gonger i april) har teke i bruk damkrona på Viddalsdammen til kryssing av dalføret, 50 år etter at dammen vart bygd. Biletet på side 109 i revisjonsdokumentet syner den siste kryssinga.

Ei landbru over Kongshellersundet vil likevel berre hjelpe på litt av problemet. For at overgangen skal kunna nyttast av rein, er det eit vilkår at dyra først må vera komne til Vampen. I dei aller fleste tilfella vert flokkane stogga lenger nord, når dei kjem til vatnet i området Volanutane – Saupsengene, altså den nordlege vasskanten i magasinet. Å runda på austsida av store Øljuvatnet er ein krunglete og kupert omveg å ta, som likevel vert nytta av rein i visse høve. Tilnærma full reetablering av tidlegare trekkmoglegheiter får ein såleis først ved å anleggja landbru i form av fyllingar mellom øyane frå t.d. Øljutangane mot Vampen. I somrar med nedtappa magasin ligg dei grunne områda mellom tangar og øyar synlege, og har då stundom vore nytta av rein på trekk (t.d. 1996, 2006).

Innvendingar om at fyllingar som skal avbøta skade på reinstrekk vil leggja hindringar i vegen for båtferdsla for grunneigarar og fritidsfiskarar meiner villreinutvalet det bør leggjast mindre vekt på. Det er her trass alt snakk om å restaurera litt av det landskapet ein hadde før kraftutbygginga, før ein fekk eit stort, samanhengande magasin. Om passasje for båtar (og ev vatn for reguleringa) skal leggjast vekt på, finst det måtar å løysa det på - jfr. løysingar som vart drøfta i gruppa som arbeidde med temaet vasskraftutbygging i tiltaksplanarbeidet.

Om finansieringa av slike avbøtande tiltak som er nemnde her skjer gjennom direkte pålegg til regulanten, gjennom bruk av villreinfond som vert opparbeidd ved pålagt innbetaling etter fleire vilkårsrevisjonar i Nordfjella, eller ein kombinasjon av desse, har villreinutvalet ikkje sterke synspunkt på. Me vil likevel peika på at oppretting av villreinfond til finansiering av slike kostnads-krevjande fysiske tiltak er noko som villreinforvaltinga i Nordfjella har jobba målretta for i mange år, m.a. gjennom møte med NVE og OED, og som ein har fått gjennomslag for i dei siste vilkårsrevisjonane (Holsvassdraget, Hemsilvassdraget).

Av andre viktige tiltak for å ta vare på reinstrekka, vil me trekkja fram følgjande:

- Områda både sør og nord for Viddalsdammen har viktige trekk for rein, etter at oppdemminga avskar trekk mellom vatna som no er oppdemde. Ikkje minst er trekka i nordenden av vatnet, på sjølve demningen og nedanfor denne, viktige i tida når det nærmar seg kalving. Særleg i april og mai har det ofte vore kryssing av dalføret. Her må ein sjå på tiltak for å bevare trekkmoglegheitene.
- Bruken av anleggsvegane. Trafikken på desse er ein heilt annan i dag enn det ein såg føre seg når gjeldande konsesjonsvilkår vart vedtekne, der anleggsvegar opne for ålmenta er lagde inn som eit vilkår (§ 9). For å avgrensa trafikken, og på den måten redusera barriereeffekten av desse vegane, bør ein sjå på løysingar som t.d. den ein har på vegen til Kvevotni i Lærdal, der grunneigarar, jegerar og andre med ærend i området får tilgang til bomlykjel.

Helsing Villreinutvalet for Nordfjella

Sigurd Vikesland
-leiar-